

JAN KLØVSTAD

DEI SJØLVSTYRDE OMRÅDA I NORDEN 2021

Dei tre sjølvstyrde områda i Norden gjekk inn i 2021 med dei lågaste smittetala i koronapandemien, og gjekk ut av året med kraftig smitteauke. Færøyane og Grønland blei stadig meir sentrale i arktisk politikk, og det var mykje debatt og gnisningar om styrking av sjølvstyret for Åland.

Jan Kløvstad er sekretær i norske avdelinga av Letterstedtska föreningen, og har tidlegare vore direktør i Nordens Hus på Færøyane og Katuaq – Grønlands kulturhus.

Færøyane – Foreldrerettar for homofile ga regjeringsskifte og kvinnefri regjering

Færøyane kunne sjå stadig større internasjonal interesse med fleire møte med USAs utanriksminister Anthony Blinken, god utvikling i arbeidet med frihandelsavtalar med Kina, Russland, Japan og Sør-Korea og styrka samarbeid med EU, økonomisk vekst og 816 fleire innbyggjarar. Men likevel gjekk Færøyane ut av 2021 med ei vaklande regjering i krise. Dei to store borgarlege partia Sambandsflokkurin (liberale) og Folkaflokkurin (konservative) valte å ha med Miðflokkurin med to mandat for å få 17 av 33 medlemmer i Lagtinget. I økonomisk politikk er Miðflokkurin sentrumsorientert. Men i verdspørsmål står partiet langt til høgre, i motstand mot homofile, krav om færøysk konsulat i Jerusalem (som endte i Tel Aviv) og motstand så lenge som mogleg mot kvinnelege prestar. I tillegg markerte lege, utanriksminister og kulturminister Jenis á Rana seg som vaksinemotstandar mens koronasmitten blei stadig verre. Ved konstitueringa av lagting og landsstyre fekk partiet hindra at fleire parti blei med for å styrke fleirtalet, fekk landsstyremedlem, og varsla at partiet ville gå ut av regjering/landsstyre om andre i fleirtalet stemte for eit forslag frå opposisjonen som det var usemje om i koalisjonen. Lagmann/regjeringssjef Bárður á Steig Nielsen (Sambandsflokkurin) hadde heilt frå starten i 2019 fått kritikk for denne bindinga, fordi det alltid har vore slik at lagtingsmedlemmene kan stemme etter eiga overtyding i verdspørsmål.

Så kom nettopp denne kinkige situasjonen i lagtinget 13. desember. Det kom forslag om at homofile kan vere foreldrar på same vilkår som andre.



Lege, kulturminister og utanriksminister Jenis á Rana frá Miðflokkurin stod plutsuleg fram som vaksinemotstandar, mens lagmannen/regjeringssjefen Bárður á Steig Nielsen var utanlands og bad alle ta samfunnsansvar og vaksinare seg. Det var ikkje det einaste problemet regjeringa fekk med det minste regjeringspartiet. Teikning Óli P.

Folkaflokkurin og Sambandsflokkurin var lojale mot Miðflokkurin. Men det kom fort fram at Johan Dahl i Sambandsflokkurin ikkje kunne godta denne innskrenkinga av menneskerettane, og også i Folkaflokkurin murra det fælt. Fiskeriminister Jacob Vestergaard og sosialminister Elsebeth Mercedis Gunnleygsdóttir gjekk ut av landsstyret og tilbake til lagtinget, truleg for å hindre at varamedlem og tidlegare Tórshavn-ordførar Annika Olsen skulle få stemmerett og gi homofile rett til å vere foreldrar. Men ein annan medlem meldte seg sjuk. Annika Olsen møtte og sikra homofile dei rettane homofile har fått i alle vestlege land.

Den første veka i 2022 blei det klart at trugsmålet frå Miðflokkurin om å gå ut av landsstyret ikkje var så viktig likevel for partiet, og at Folkaflokkurin utnemnte Árni Skaale som fiskeriminister og Sólvit Nólso som sosialminister. Ingen av dei sat i lagtinget, og derfor rykka heller ikkje varamedlem Annika Olsen opp som fast lagtingsmedlem. Færøyane er nå einaste land i Europa med berre menn i regjeringa.

Fisk, vanskelege forhandlingar og klima

Etter Brexit er fiskeriforhandlingane i Nord-Atlanteren blitt vanskelegare. Norge, Island, Færøyane, EU, Russland, Grønland og Storbritannia skal bli samde om kvoter på blant anna blåhvilling (kolmule), makrell og sild.

Resultatet blei frå 25 til 41% over kvotene den internasjonale fiskerierorganisasjonen ICES tilrådde for å få eit berekraftig fiskeri. Også langs kysten var det mykje fisk. Det blei eksportert 95 000 tonn oppdrettslaks frå merdene i færøyske fjordar, ein kraftig vekst frå åra før. Dei færøyske fiskerikonserna meldte om gode tal også i koronapandemien.

Trivsel, trygge liv og vekst det viktige

Bárður á Steig Nielsen var optimist da han opna lagtingssesjonen under den tradisjonsrike Olsokfeiringa 29. juli. Han snakka om trivsel, trygge liv og vekst, og det å sette seg store mål. Samtidig blei det rigga til for det som kunne bli det største i færøysk idrettshistorie. Ved midnatt rodde Sverri Sandberg Nielsen singlesculler i OL i Tokyo, og var ein av favorittane. Men kanskje sat koronasjukdomen han hadde fått framleis i kroppen. Mens Sandberg Nielsen til vanleg aukar farta jo nærmare mål han kjem, tok kreftene slutt. Han kom noen få hundredelar for seint til medalje. Likevel blei det truleg sett rekord. Bortimot halvparten av alle færøyingar stod i bunad/folkedrakt på Vestaravág i Tórshavn og fotballstadion i Miðvágur og heia fram den sterke roaren. Færøysk fjernsyn veksla mellom direktesending frå Japan og filming av dei to færøyske folkehava i ein pause i den verdsberømte allsongen i gatene i Tórshavn olsoknatta.

I olsoktalen sin la á Steig Nielsen vekt på vekstvilkår som sunn mat frå havet, større vekt på kunnskap og samarbeid, maritime tenester på høgt nivå, turismen, og tilgangen på kloke hovud og erfarne hender. Han var glad for at landsstyret hadde fått til ein styrka helsepolitikk, og la fram planar for raskare utgreiing for demens, utvida bruk av MR-skannarar, meir pengar til ADHD-behandling, og det positive i at færøyingar har fått dansk personnummer (CPR-nummer på dansk) som gir mindre byråkratisk kontakt med danske sjukehus og lærestader. Færøyske pensjonistar får 1200 kr meir utbetalt i månaden enn i 2018, og velstanden er aukande. Rett nok var det underskot i landskassa både i 2020 og 2021, men langt betre enn ein kunne vente under ein pandemi. Målet er overskot igjen frå 2023. Så godt går færøysk økonomi at gjennomsnitts-færøyingen er rikare enn den gjennomsnittlege dansken.

Ære til Færøyene

Eivør Pálsdóttir fekk Nordisk råds musikkpris i november, og det danske Folketinget vil at kjønnsbalansen på veggene skal bli betre. I Samtaleværelset i Folketinget heng eit maleri av 30 menn som førebudde seg til endringa av grunnloven i 1915, da også kvinner fekk stemmerett i Danmark. Nå kjem det portrett av 30 kvinner som har vore viktige for demokratiet sidan 1915. Blant dei er Marita Petersen, første kvinne som regjeringssjef på Færøyane, og Ruth Heilmann, som blant anna var første kvinne som landstingsformann og også ei kort tid vikar som regjeringssjef i Grønland.

Grønland – Ny samlande regjeringssjef med stormaktene som friarar

Ikkje sidan Henrik Kaufmann (1888-1963) som Danmarks ambassadør til USA underteikna avtale med amerikanarane om forsvaret av Grønland 9. april 1941, har det vore så sterk interesse frå USA for Grønland. Tidlegare president Donald Trump ville kjøpe Grønland. Det har endt med gjenetablering i 2020 av det amerikanske konsulatet som hadde vore stengt sidan 1953. Også i 2021 har konsulatet formidla pengar frå kongressen til Grønland. 10,4 millionar dollar blei løyva til samarbeid mellom to amerikanske universitet og Råstofskolen i Sisimiut, og til prosjektet Arctic Education Alliance. Utanriksminister Antony Blinken kom til hovudflyplassen Kangerlussuaq og møtte regjeringssjef Múte B. Egede og daverande utanriksminister Pele Broberg i juni, og Broberg og Blinken møttest også i København, saman med utanriksministrane frå Danmark og Færøyane. Tidleg i 2021 blei det underskrive ein avtale om 1,5 milliard danske kroner meir til overvaking i Nord-Atlanteren. Og som *Danmark Radio* kommenterte 18. mai i samband med besøket: «Men Grønland, og til dels Færøerne, og dermed Arktis er og bliver den største attraktion ved Danmark, når man kigger ud ad vinduet i Det Hvide Hus. Eller State Departement, det amerikanske udenrigsministerium.»

I oktober varsla EU-kommisjonen at den ville opprette kontor i Nuuk. Også Russland, Storbritannia og Kina viser stadig større interesse for Grønland. Men i november inndrog Grønland løyvet eit kinesisk gruveselskap hadde hatt til jernmalmutvinning nær Nuuk frå 2015. London Mining, som hadde fått utvinningsløyve i 2013, planla å leige inn rundt 2 000 kinesiske arbeidadar for å bygge og drive gruva, og hadde eit mål om å forsyne Kina med rundt 15 millionar tonn jernmalm årleg frå gruvedrifta i Isua. Dette er tre firedelar av eit vanleg år i Kiruna. Grunngjevinga for oppseiinga var at avtalen ikkje var følgt opp, verken økonomisk eller med arbeidsplassar.

Múte B. Egede ny regjeringssjef

Siumuts koalisjonspartar i Landstinget sa opp avtalen med Siumut tidleg på vinteren, etter at Erik Jensen blei valt til ny partileiar i november 2020. Det blei skrive ut val i utid, på same dag som kommunevalet. Valet til Inatsisartut (landstinget) i april blei ein triumf for Inuit Ataqatigiit (IA), som gjekk fram til 37,4% og auka talet på medlemmer i landstinget frå åtte til 12. IA har utvikla seg frå eit venstreparti på 1970- og 1980-talet til å bli eit sentrumsparti. IA og Naleraq danna ny regjering (Naalakkersuisut), i starten med sentrum-høgrepartiet Atassut som støtteparti. Eit sentralt punkt i regjeringsavtalen var eit forbod mot å utvinne uran, og det store gruveprosjektet med mykje utanlandsk kapital i Kvanefjeld i Sør-Grønland blei stoppa.

IA fekk åtte av regjeringsmedlemmene, mens Naleraq frå starten fekk utanriksminister og helseminister. Den unge partileiaren Múte B. Egede (født 1987) i IA gjorde eit godt personleg val, med heile 3380 personlege stemmer, meir enn 1500 fleire stemmer enn sittande regjerings sjef Kim Kielsen i Siumut. Egede har vore folkevalt sidan 2015 og partileiar sidan 2018. Han har erfaring frå frivillig organisasjonsarbeid og ungdomspolitik, og har studert kultur- og samfunnshistorie. Múte B. Egede står fram som ein samlande leiar, og i sitt første regjeringår er han særleg stolt over at samtlege folkevalte stemte for finansminister Asii Chemnitz Narup forslag til statsbudsjett, som blant anna vil betre forholda for dei eldre både med auka pensjonsutbetalingar og andre tiltak. «Alle partier står sammen om forslaget og støtter 100 procent op om det. Dét, synes jeg, er det bedste, vi har opnået i år», sa Múte Bourup Egede til KNR i eit tilbakeblikk på året.

Likestilling og barn står sentralt i den nye regjeringsplattformen, og det var også ny kvinnerekord i Naalakkersuisut med fire av ti regjeringsmedlemmer. For første gong blei det oppretta eit eige departement og utnemnt ein regjeringsmedlem for barn, unge og familiar. I utanrikspolitikken var IA og Naleraq sterkt usamde. IA kunne heller ikkje akseptere utanriksminister Pele Brobergs krav om at berre etniske 100 % grønlendarar skal kunne stemme i eventuelle komande folkeavstemmingar om Grønlandsk sjølvstende. På landsmøtet i IA kravde alle tidlegare IA-leiarar at partiet skulle ta over styringa av utanrikspolitikken. Brobergs utanrikspolitiske karriere blei derfor kort.

Barn

Det kom altså eit eige barne- og familiedepartement i april, og forholda for grønlandske barn og unge har vore eit sentralt tema også i 2021. 17 barn fekk 300 000 kr i erstatning frå Danmarks regjering for den behandlinga dei hadde fått på barneheimen Godhavn på Nordsjælland på 1960- og 1970-talet. *Danmarks Radio* avdekkja mishandling og overgrep, fysisk og psykisk vanrøkt, medisinske forsøk og seksuelle overgrep i årtier ved institusjonen. 22 såkalte eksperimentbarn, som blei fjerna frå familiane sine og sendte til Danmark i 1951, i regi av Redd Barna, har fått orsaking, – men ikkje erstatning. Dei seks som ennå er i live, varsla like før nyttår at dei nå vil gå til rettssak etter at Social- og Ældreministeriet i Danmark avviste kravet. Heller ikkje den politiske leiinga i Grønland har vore villige til å ta sin del av ansvaret for det som skjedde på 1950-talet. Niviaq Korneliussen fekk Nordisk råds litteraturpris, som den aller første grønlendar, med romanen *Blomsterdalen*, med emne frå Tasiilaq på austkysten. Sjølv mord, særleg blant unge, står sentralt i romanen. Korneliussens roman er både litteratur på høgt nivå, og eit kampskrift mot korleis det grønlandske samfunnet har behandla barna og ungdommane sine.

Klima

Grønland slutta seg til Parisavtalen, like før det nye klimatoppmøtet i Glasgow, og argumenterte sterkt for eit grønt skifte der. I regjeringsplattforma er det nå slutt på oljeleting, meir vekt på fornybar energi som vann, vind og sol og meir offensiv miljø- og klimapolitikk enn før. I juni og juli smelta meir enn 100 milliardar tonn is i Grønland, meldte Danmarks Meteorologiske Institut. Smeltinga i juli var på over 8 milliardar tonn fleire dagar.

Hans Egede?

Mens det var stor jubileumsfest i 1921, og store arrangement også i 1971, blei 300-årsjubileet for Hans Egede i 2021 utan offisielle markeringar utanfor kyrkjene. Den opphavelige løyvinga frå Kommuneqarfik Sermersooq (der Nuuk er største by) på 2,7 millionar danske kroner til å bruke jubileet til å «gjenoppdage» den opphavelige grønlandske kultur og levemåte anno 1721, blei trekt tilbake. Dette er nå utsett til 2028, 300 år etter at den same Hans Egede grunnla byen Godthåb/Nuuk. Men verken kommunestyre eller regjering hadde noe i mot at kulturinstitusjonar eventuelt ville markere jubileet. I Nuuk var det både festgudsteneste, besøk på Håbets ø, konsert i fullsett Hans Egedes kirke, kaffe i samlingshuset og foredrag om Hans Egedes første år i Grønland. Kanskje var det ein skjebnens ironi at det var nettopp dette året grønlandsk trommesang og trommedans fekk plass på den gjeve UNESCO-lista for verdfull immateriell kultur.

Åland – Ikkje berre glede i 100-årsjubileum for sjølvstyret

Frå 1970 har Åland hatt to representantar i Finlands delegasjon til Nordisk råd. Sjølv om Åland som regel har vore noen år etter særleg Færøyane i utvikling av sjølvstyret, er Åland aleine blant dei sjølvstyrte områda om å ha hatt presidenten i Nordisk råd. Først var Olof Salmén president i 1997, og seinare Britt Lundberg i 2017. Begge representerte Åländsk Center og var både populære og aktive presidentar. I 1994 sa 74% av ålendingane ja til medlemskap i EU, og fekk særrettar både om eigedomsrett (hembygdsrätten), at Åland kunne stå utanfor skatteunionen og på grunn av det definere dei store ferjene mellom Sverige, Åland og Finland som utanriksfart med dei skattefordelane det har gitt for Åland. I tillegg blei ålendingane dei einaste i EU som Sverige fekk lov til å eksportere snus til. Åland, som ville bli ein heilt vanleg del av Sverige, har gjennom hundre år utvikla seg til ein ministat og ein rik del av Finland, med eit sterkt folkestyre, sterk økonomi og sjølvtilitt.

Styrking av sjølvstyret er sett på vent

På Åland har det vore eit mål at 100-årsjubileet også skulle gi ein ny og sterkt utvida sjølvstyrelov, i retning forholdet mellom Danmark, Grønland – og særleg Færøyane. Men langvarige forhandlingar med Finland har stoppa opp. Det kan trygt seiast at jubileumsfeiringa blei noe avdempa grunna manglande framdrift.

Mens dei fleste i ålandsk politikk har uttalt seg diplomatisk, har vice lan-tråd Harry Jansson (Åländsk Center) hissa på seg både finske justisstyresmakter og opposisjonen på Åland. Ni lagtingsmedlemmer frå Liberalerna og Socialdemokraterna meinte Harry Jansson misbrukte posisjonen sin og svekka det seriøse sjølvstyrepolitiske arbeidet og forholdet til Finland. Jansson blei sittande, men blei ribba for fire saksområde og fekk ein offentleg påtale av regjeringssjefen som få andre regjeringsmedlemmer har fått – og likevel blitt på sin post.

Nå er framdrifta uklar for det vidare arbeidet, men med ålandsk håp om ny lov gjeldande frå 2024.

Korona og økonomi

Også Åland har slitt med pandemien. Dei viktige ferjene hadde berre 10% av trafikken i 2020 og litt høgare i 2021 samanlikna med 2019. Mens Eckerökonsernet hadde eit driftsoverskot i 2019, kunne reiarlaget melde om halvert omsetning, 33,8 millionar euro i underskot og at rundt tredelen av dei tilsette var utan arbeid. Men det er også optimisme. I november samla Sjöfartens dag fleire hundre deltakarar frå inn- og utland, og vesle julaften tok Viking Line over eit nytt passasjerskip i Kina. Viking Glory med 922 lugarar og plass til 2800 passasjerar er eit av dei mest miljøvennlege skip i verda, og skal gå i ruta Åbo-Mariehamn-Stockholm frå våren 2022.

Åland blir grønare

Når ti store vindkraftverk blir tatt i bruk våren 2022 er det venta at heile 65% av Ålands energiproduksjon vil kome frå vindkraft. Det vesle øysamfunnet Kökar fekk 1,2 millionar euro i støtte frå EU og landskapsregjeringa for å gjere Kökar fossilfritt, og ordførar Christian Pleijel omtalte kommunen som heile Ålands energipilot.

Offentlege etatar i stormvær

Like positivt har det ikkje vore for dei to offentlege etatane Åland Post og Ålands miljø- og hälsoskyddsmyndighet. Påtalestyresmaktene foreslo fengsel utan vilkår for postdirektøren i tre og eit halvt år, tre år til tre andre i leiinga og to år til to andre tilsette. Det handlar blant anna om distribusjon av dop og legemiddel gjennom eit års tid til titusentals kundar. Den aktuelle mengda

dopingmiddel skal ha vore nok til fleire månaders forbruk for 400 dop-brukarar. Tollstyresmaktene hevda at Åland Post hadde lurt seg unna tollavgifter på nesten 42 000 euro gjennom bevisst feilkoding av varer som anten ulovlege eller pålagt restriksjonar. Omkring Ålands miljø- och hälsoskyddsmyndighet var det mykje bråk og langvarig diskusjon om mistillit, blant anna om manglande habilitet i saksbehandlinga.

Likevel stabilitet

Mens Færøyane og særleg Grønland hadde politisk uro og utskiftingar i regjeringane, var det stabilt på Åland. Regjeringssjefen Veronica Thörnroos sit trygt, og kan også glede seg over at Åland for første gong har meir enn 30 000 innbyggjarar. Det nøyaktige talet kom opp i 30 129.

Felles for Færøyane, Grønland og Åland var nærmast eksplosiv vekst i koronasmitte dei siste vekene i 2021.

Kjelder

Dei nasjonale kringkastingsselskapa Kringvarp Føroya, KNR og Ålands Radio & TV. Aviser i dei tre områda og i Finland og Danmark.